Nipo 23/3 2015

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
25. 03. 2015
Ark. saksnr.
14/7875
Saksh.

Lindås Kommune
Postmottak Kvernhusmyrane 20.
5914 Isdalstø

Tilsvar til nabovarsel

Den 14/3 2015 får vi nabovarsel frå Signhild Dyrkolbotn, der det framgår at ho vil bygge gjeitefjøs framfor Dyrkolbotn fjellstove og leirskule.

Dette varselet kjem fleire månader etter at byggearbeidet er påbynja.

Ellers er det å sei:

Punkt 1.

Det har vore forbud mot gjeitehald i området sidan 1950 åra, dette på grunn av granplantinga som pågjekk på den tida.

Det har vore lite granplanting i det siste, og om dette forbudet er oppheva veit eg ikkje, eg har aldri hatt noko forståelse av at det er det.

Ein anna ting er at det er bygd ein ny veg E 39 ca 500 m. frå gjeitefjøsen, denne vegen har ei lengd på vel 2 km. frå grensa til Romarheimsgardane til Nipetunnellen.

Og på ein eller anna grunn har Statens

vegvesen nytta ei gate på ca 200 m enkelte stader, for å bygge den nye vegen E 39.

Eg har ikkje gått over heile området for å sjå kva som veks der no, på grunn av snøen som enno ligg djup.

Skin det eg har sett tidlegare er furuskogen som er byrja og veksa opp over alt, og det vil vera rein vandalisme og sleppe ein gjeiteflokk ut på området.

Eg veit også at furuskog held kratt og mindreverdig skog borte, serlig dersom furuskogen vert stelt.

Punkt 2.

Det er også ei kjent sak at gjeiter legg seg på vegen, serleg når sola går ned, for å kjenne på varmen som er i asfalten.

Geiter trekker også inn i tuneller i dårlig ver, det er ei kjent sak kva vanskar og farlige tilhøve dette skaper.

Punkt 3.

For oss som bur i området og som har litt kjennskap til geitehold, og veit kor utspekulerte desse dyra kan verta, serleg dersom dei vert bala med.

Dei er over alt og öydelegg for folk.

Så dersom ein vil öydelegge ei bygd med nabokrangel og elendighet, er det berre og få seg ein geiteflokk.

Eg trur Sigmhild er fullt klar over dette, då ho hadde nokre få geiter i Dyrkolbotn for ei tid tilbake.

Det er ikkje kjekt og finne hagen rundt huset fullt av geiter, og grinda godt stengt.

Punkt 4.

Også jakta vil verte öydelagd, då hjorten trekker unna områder der geitene beitar

Torkin Dyrkolbotn
Jorunn Dyrkolbotn